



ÅRSMELDING 2015 OS SOKNERÅD



ÅRSFEST/SOKNEMØTE FOR OS KYRKJELYD

i Kyrkjetunet TORSDAG 14/4 kl 19:00

Saker til drøfting/avgjerd:

- * Kyrkjelydsarbeidet 2015, mål og kva fekk vi til.
(SJÅ SIDE 2-9 I ÅRSMELDINGA)
- ** Gudstenestene
- *** Kyrkjelydshuset – trinn III
Matøkt. Ord for natta.

Velkommen *Os sokneråd*

EVALUERING AV ARBEIDSÅRET 2015 i OS KYRKJELYD

Kyrkjelyden har vedteke slik visjon: *nær Kristus – nær kvarandre – nær kvardagen*

Strategiplanen er delt i 5 satsingsområde:

1. Barne- og ungdomsarbeid:

Målsetjing:

Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos born og ungdom uansett funksjonsnivå.

Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.

<i>PKT</i>	<i>Målformulering</i>	<i>Evaluering</i>
<i>1.1</i>	Vidareføra trusopplæringsutval med ansvar for utvikling av trusopplæringsplan og gjennomføring av tiltaka som er planlagde. Vurdera eventuelle andre utval som trengst for å sikra eit samanhengande og systematisk barne- og ungdomsarbeid.	<i>Trusopplæringsplan ferdigstilt og godkjent 2014. Fleire nye tiltak sette i verk.</i>
<i>1.2</i>	Sikra kompetanse på området hos tilsette og frivillige. Sikra at alle tilsette og frivillig har felles forståing av opplegg, samarbeider om trusopplæringstiltak og set desse inn i ein samanheng	<i>Tilsette deltatt på ulike kurs/samlingar samt drøfta ulike tiltak internt + i planfase saman med frivillige.</i>
<i>1.3</i>	Vektleggja vidareføring av born og unge frå eitt aldersnivå til eit anna	<i>Tidvis lukkast vi.</i>

1.4	Læra opp unge til leiaroppgåver	<i>Eiga arbeidsgruppe jobber med nytt opplegg</i>
1.5	Delta på fellesopplegg for born / unge i regi av DNK og barne- og ungdoms- organisasjonar	<i>Delteke på nokre</i>

2. Diakoni

Målsetjing: *Med utgangspunkt i Diakoniplanen for DNK utøva praktisk diakoni og gjera arbeidet synleg og kjent i Osbygda*

<i>PKT</i>	<i>Målformulering</i>	<i>Evaluering</i>
2.1	Sikra eit breidt samansett og tilretteleggjande diakoniutval med ansvar for å halda levande eit diakonalt medvit i kyrkjelyden	<i>Nyrekruttering av utvalet har vore vanskeleg. Forutan 2 repr. frå SR, er det berre eit medlem med særleg kompetanse på klimaspørsmål</i>
2.2	Arbeida for framhald og evt utviding av diakonistilling, med målsetting om auke til 100% stilling i planperioden (Arbeida for å få stateleg tilskot for 50 % av stillinga).	<i>Ved siste utviding av ramma for stateleg tilskot vart ikkje Os prioritert. Kommunen har ikkje vist interesse for å auka tilskot slik at stillinga kan utvidast. Deltidsstilling gjer stillinga mindre attraktiv ved rekruttering</i>
2.3	Justera og arbeida ut frå lokal diakoniplan og i arbeidet leggja vekt på: <ul style="list-style-type: none"> Ø inkluderande fellesskap Ø utadretta verksemd Ø førebyggjande tiltak Ø utvikling av grøn kyrkjelyd i samarbeid med kommunale og frivillige instansar 	

2.4	Utgreia ferdig og starta opp eit tiltak retta mot utsett ungdom	<p><i>Forsøksvis oppstart våren 2014, men liten respons på tiltak lokalisert til Amfi-senteret.</i></p> <p><i>Forsøksvis oppstart «etter skuletid» hausten 2014 i K-tun. Lite oppmøte av ungdom som ein primært hadde ønskje om å gje eit tilbod.</i></p>
-----	---	---

3. Gudstenesteutvikling:

Målsetjing:

Gjennom kristussentrert og livsnær liturgi og forkynning utvikla varierte gudstenester som alle aldersgrupper kan kjenna seg heime i.

PK T	Målformulering	Evaluering
3.1	Oppretthalda eit gudstenesteutval som ser alle gudstenestetilboda i ein samanheng og er aktivt med i planlegging av gudstenestetilbod og innhald i gudstenestene.	<p><i>Det har vore eit gudstenesteutval i funksjon som har følgd opp desse oppgåvene. Så ser ein at det er stadig fleire omsyn å ta. Trusopplæringa bringer nye gudstenester inn. Når det gjeld gudstenestene i Nore Neset, er dei «særlege gudstenestene» godt besøkte, men ei vanleg gudsteneste samlar ikkje like mange. Det er eit musikkutval som gjer ein god jobb med å skaffa ekstra muskarar til gudstenestene.</i></p>

		<p><i>Mange aktørar gjer ein stor og god innsats for at vi skal ha det rike og mangfaldige gudstenestelivet vi har. Det er bra! På den andre sida gjer dette det litt vanskeleg å sjå «alle gudstenestetilboda i ein samanheng» og «vera aktivt med å planleggja innhaldet i gudstenestene.» Soknepresten har difor reist spørsmålet om det ikkje vil vera ein fordel å omstrukturera og sameina utvalet og få ulike aktørar inn i same utval.</i></p>
3.2	<p><i>Utvikla eit gudstenestetilbod som både tek vare på mangfaldet og er samlande for heile kyrkjelyden.</i></p> <p><i>Aktuelle tiltak:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <i>a. involvera og fokusera på barn og unge i gudstenester, i samarbeid med dei som jobbar med barn og unge i kyrkjelyden</i> <i>b. kommunisera til kyrkjelyden kva gudstenester vi har og kvifor</i> <i>c. reindyrka og kvalitetssikra ulike gudstenesteformer, t.d. ungdomsgudsteneste, familiegudstenest</i> 	<ul style="list-style-type: none"> <i>a. Dette vert gjort i samband med mange av trusopplæringstiltaka, Join Us, ungdoms- og misjonsprosjektet i England, speidarane.</i> <i>b. Info om dei ulike gudstenestetypene våre vert sendt ut i samband med invitasjon til dåp, og lagt ut på heimesidene våre.</i> <i>c. Reindyrka og kvalitetssikra</i> <ul style="list-style-type: none"> <i>I. Ungdomsgudsteneste, som hovudgudsteneste, har vi hatt nokre av, men eigne kveldsgudstenester for ungdom har vi ikkje hatt dei seinare åra</i> <i>II. Familiegudstenestene</i>

	<p><i>e, "gudsteneste med band", keltisk messe - evt. også andre</i></p> <p><i>d. utvikle vidare eit variert musikalsk uttrykk i alle gudstenester</i></p> <p><i>e. innføra «Sprell levande» for barn i høgmessetid</i></p> <p><i>f. skipa til gudstenesteverkst ad ved einskilde gudstenester</i></p>	<p><i>har i stor grad vore knytt opp mot trusopplæringstiltaka, og vert derfor svært ulike, alt ettersom det er 4-åringar, 11-åringar, konfirmantar eller eldre ungdom som er med.</i></p> <p><i>III. Gudsteneste med band. I 2015 vart det i stab og prestemøte bestemt at ein av prestane skal ha hovudansvar for desse gudstenestene. Arbeid med inspirasjonssamlingar for lovsongsteama vart og starta opp. Det er eit ynskje at og kantor/organistressurs skal knytast til dette arbeidet, men så langt har vi ikkje klart å få til det</i></p> <p><i>d. Andre gudstenesteformer har det ikkje vore lett å reindyrka, men det er eit ynskje om å få det til. Kfr pkt 3.1</i></p> <p><i>e. Kfr pkt 3.1</i></p> <p><i>f. Vart forsøkt, men lita deltaking førte til avlysing. Planlagt tekstlesarkurs i haust vart avlyst grunna</i></p>
--	--	---

		<i>sjukdom</i>
3.3	Følgja opp innføringa av ny gudstenesteordning med evaluering i 2014	<i>Evalueringa vart gjennomført. Spørjeundersøking og registrering førte til at vi gjorde nokre små justeringar i ordningane våre, som å flytta syndsvedkjenninga fram igjen i gudstenesta slik det var før.</i>
3.4	Synleggjera gudstenestene i lokalsamfunnet	<i>Kunngjeringar, annonsar i lokalavisene, pressemeldingar før særlege gudstenester</i>

4. Fellesskap i kyrkjelyden.

Målsetjing:

Utvikla og styrkja den andelege og sosiale fellesskapen i kyrkjelyden.

<i>PKT</i>	<i>Målformulering</i>	<i>Evaluering</i>
4.1	Leggja til rette for relasjonsbygging i kyrkjelyden gjennom inkluderande fellesskap for alle aldersgrupper og på tvers av aldersgrupper	<i>Det er berre gudstenestene som i si form har alle som målgruppe.</i>
4.2	Stimulera og leggja til rette for deltaking i gruppefellesskap	<i>Dei fleste bibel- og samtalegruppene i Os er av «privat» karakter; dvs starta på eige initiativ i venne- og bekjentskapskretser. Ingen form for registrering el innmelding av slike grupper til stab. Unnataket her er husfellesskapen hos Grete og Vegard Hodneland</i>

4.3	Leggja til rette for undervisning for vaksne; etablera eit undervisningsutval	<p><i>Nokre etablerte tiltak har klåre element med undervisning/kunnskapsformidling på ulike problemstillingar; t.d. Koinonia (hovudsak personar 70+) og TiTT (hovudsak aldersgruppe 50-75).</i></p> <p><i>Etter initiativ frå ei gruppe medlemmer i kyrkjelyden, vart « Open søndag i tunet» etablert, med eiga styringsgruppe. Målsetjin undervisning, bøn og lovsong. Soknerådet ynskte dette tiltaket velkome, og stiller lokale til disposisjo</i></p>
4.4	Jobba med å handtera ulikskap i stilartar, meiningar og ytringsformer i kyrkjelyden	<p><i>Ingen spesifikke tiltak, men ein prøver å formidle raushet for ulike uttryksformer og gje plass for mangfald. Kfr.td 3.1 og 4.3</i></p>
4.5	Jobba for å utvida forståing av kva ein kyrkjelyd er.	<p><i>Ingen spesifikke tiltak, men nyttar tidvis høve gjennom forkynning og andre måtar å formidla mangfaldet i kva ein kyrkjelyd er.</i></p>

5. Soknerådet som forvaltar

Målsetjing:

Utvikla og styrkja soknerådet og staben sin kompetanse i god og effektiv forvaltning av menneskelege, økonomiske og materielle ressursar.

PKT	Målformulering	Evaluering
5.1	Forvalta kyrkjene slik at dei er gode og tenlege for gudstenester og kyrkjelege handlingar, men òg for	<p><i>Forutan fortløpande vedlikehald, utbetra lydanlegg/teleslynge i Os</i></p>

	andre samlingar til oppbygging av kyrkjelyden (konsertar og andre kulturelle uttrykk).	<i>kyrkje. Ny løpar i Os kyrkje</i>
5.2	Forvalta og drifta gravplassane og sikra nok gravplasskapasitet til ei kvar tid.	<i>Utviding av Kuventræ gravplass 201/154; formelt ikkje overteken, då det er nokre manglar. Reguleringsplan for ny gravplass på Nore Neset.</i>
5.3	Forvalta, drifta og vidareutvikla Kyrkjetunet til å vera ein tenleg arena for eit variert kyrkjelydsarbeid.	<i>Ikkje særleg vedlikehaldsarbeid i 2014; trinn III prosjektering. Rekruttering av fleire frivillige til dugnad går trått; auka bruk av leigd hjelp.</i>
5.4	Soknerådet er arbeidsgjevar og må sikra gode og tenlege arbeidsforhold for sine tilsette med tanke på dei oppgåvene som skal løysast, fagleg og åndeleg utvikling og eit inkluderande, trygt og utviklande arbeidsmiljø.	<i>Gode og tenlege lokale for alle tilsette. Sjukefråvær 2015 på 2,6 % (4,8 %i 2014) (Inkl. fråvær pga. sjuke barn). Dei fleste har vore på eit eller fleire faglege kurs/samlingar.</i>

ÅRSMELDING - VERBALDEL

	TEMA
1.0	<p>Organisasjon</p> <p>Os sokneråd har funksjon både som sokneråd og fellesråd i Os kommune.</p> <p>Rådet (fram til 31/10-2015) har slik samansetjing og har fordelt funksjonar slik:</p> <p>Per Torgeir Nilsen, leiar, Osvald Hindenes, nestleiar, Liv W. Aspaker, Øystein Hetlevik, Inger Johanne Prestvold, Øyvind Gjerde, Ragnhild S. Haugland, Svein Arne Bakke, Per Solberg, Torild Aadland og Margrethe H. Askeland (sokneprest).</p> <p><u>Varamedlemmer:</u> Inger Johanne Haugland, Kjell Inge Drønen, John Ivar Kopperud, Ingebjørg Nordtveit. Roar Evjedal (kapellan).</p> <p>Varaordførar Marie Bruarøy held fram som kommunal representant i Kyrkjestyret (Fellesrådsfunksjon) med Terje Søviknes som vararepresentant.</p> <p><u>Arbeidsutval: (AU):</u> Arbeidsutvalet førebur saker til soknerådet og tek avgjerd i enkle ikkje-prinsipielle saker. AU er sett saman slik: Leiar Per Torgeir Nilsen, n-leiar Osvald Hindenes, Inger Johanne Prestvold og Margrethe H. Askeland. Toril Aadland vararepr.</p> <p>Driftsstyret (DRS) har delegert fullmakt til å avgjera «fellesrådssaker» av ikkje-prinsipiell karakter. DRS er sett saman av AU + kommunal representant.</p> <p><u>Frå 1. november er desse valde til Os sokneråd:</u></p> <p>Anne-Turid Bjørnevik (leiar), Arne Tveit (nesteleiar), Torild Aadland, Jo Kaare Herfjord, Kjellaug Fyllingsnes, Tonje Hernes, Jorunn Hodneland, Kay even Hægland, Knut Inge Johnsen og Edle Lunde. Oppnemnd av Bjørgvin biskop som medlem: Sokneprest Margrethe H. Askeland (kap Roar Evjedal som personleg vara.)</p> <p>Oppnemnd av Os kommune til kyrkjeleg fellesråd: Marie Bruarøy (ordførar Terje Søviknes som personleg vara).</p> <p>Varafolk i prioritert rekkefølge): Anne Wivegh, Leif Fjellvang, Oddvar Sandtorv, Hanna Hagerup og Grete Våge.</p>

Gjennom delegasjonsreglement er kyrkjevevja delegert fullmakt til å gjera ulike administrative vedtak; i hovudsak knytt til gravferdsforvaltning, personal- og økonomireglement.

Viktige saker som har vore handsama i 2015:

- Budsjett 2015
- Rekneskap 2014
- Reviderte planar for utviding av Kyrkjetunet (trinn III)/ søknad om kommunal lånegaranti
- Planlegging og gjennomføring av julemesse
- Førebuing og gjennomføring av kyrkjevalet
- Fordeling av offer
- Evangelisk veke i Os kyrkje
- Evaluering/revisjon av gudstenesteordning
- Os – grøn kyrkjelyd. Handlingsprogram.
- Høyringsfråsegner – ulike offentlege planar.



Bilde: Frå «arbeidsstova» på julemessa i november.

Stillingar:

Os sokneråd har arbeidsgjevaransvar for desse stillingane:

Seksjon	Årsverk	Merknad
Administrasjon	2,55	
Drift kyrkje/kyrkjegardar	3	
Kyrkjemusikk	1,5	

Undervisning	1	
Trusopplæring	1,4	
Kyrkjelydsarbeid	2,5	(Barne- og ungdomsarb., diakoni og friv. koordinator)
SUM STILLINGAR	11,95	(Fordelt på 14 medarbeidarar)

Bispedømerådstilsette.

Prestane i Os: sokneprest Margrethe H. Askeland, kapellan Roar Evjedal og seniorprest Knut Ivar Askeland er alle tilsette i Bjørgvin bispedøme. Os kyrkjelyd er knytt til Fana prosti, og prost Per Barsnes leier prestetenesta i prostiet.

2

Gudstenester

2.0

Gudstenesta – for alle, med alle, av alle?

«Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene», står det om dei første kristne som samla seg i Jerusalem rett etter Kristi himmelferd. Gudsdyrking i fellesskap hadde dei med seg frå dei var små. Dei var opplærte til eit jødisk liv. Ofringane i Tempelet i Jerusalem var ein del av livsrytmen. Maria og Josef tok med seg den nyfødde Jesus dit for å ofra duer, slik lova baud dei, Lukas 2.22ff. Jesus deltok allereie i ung alder i påskefeiringa med ofring og slakting av påskelammet. Det står beskrive kva som skjedde då han var der som 12-åring, Lukas 2,41 ff.

Men det religiøse livet i fellesskap var ikkje avgrensa til dei få gongane i livet då dei valfarta til Jerusalem. Synagogegudstenesta på sabbaten var godt etablert, og han brukte å gå i synagoga og delta i fellesskapen. Luk 4.16.

Det var altså ikkje noko nytt for dei første kristne å samla seg til felles gudsdyrking. Dei heldt fast ved den gode vanen, og ved bønene som var salmane i det gamle testamentet. Men dei tok og med det nye. Jesus sprengte rammer i ord og handlingar. Han innstifta nattverden. Midt under den jødiske påskefeiringa og ofringa av lammet som ga liv til dei som fekk blod strøken på dørkarmene sine i Egypt, omskaper han det til noko nytt. Brått sto han der både

som prest og offer då ha tok det usyra brødet, skaparordet lydde: dette er min lekam, om vinen: dette er mitt blod. Gjer dette til minne om meg.

Med røter i tempelofringane og synagogegudstenesta fann den kristne gudstenesta si form i denne først tida. Ho vart ein heim for kristne generasjonar i 2000 år og har bore trua nedigjennom historia.


Også i Os samlast vi til gudsteneste kvar veke. Vi har eit mangfald av gudstenester, bygd over same lest, og det er god deltaking.

I 2015 hadde vi 135 gudstenester i Os sokn, med totalt 19321 deltakarar. På søn- og heilagdagdar var det 109 gudstenester med til saman 16340 deltakarar. Statistikken for dei siste 10 åra over gudstenester på søn – og heilagdagdar i soknet syner stabile tal

For soknet samla ser det slik ut:



Ser ein på tala for dei to kyrkjene våre, vert det slik:



Utfordringar

Vi har med andre ord ikkje nedgang i gudstenestedeltakinga hos oss. I utgangspunktet er det gledeleg, men tala skjuler og nokre utfordringar:

1. Folketalet i Os er raskt veksande, det viser ikkje igjen på gudstenestestatistikken vår.
2. Tala seier heller ingenting om alderen på gudstenestedeltakarane. Utan annan dokumentasjon enn det eg observerer frå min plass framme i koret vågar eg denne påstanden: . Det store fleirtall av trufaste benkeslitarar er dei som var aktive i ungdomsarbeid på 60- og 70-talet, og som fikk prenta inn i seg at søndag er kyrkjedag.

Skal gudstenestelivet i Os bera trua også i komande slekter, må stadig nye menneske finna sin heim her.

Kva gjer vi, kva val har vi gjort?

Vi har våre 3 ordningar for hovudgudsteneste. I von om at fleire skal kjenna seg heime, har vi valt ulik profil på ulike gudstenester. Det kan kan hende vera ein ide å vidareutvikla dette? Eller er det andre ting enn kva ordningar vi har som er avgjerande?

Involvering av frivillige

I alle gudstenester er det mange frivillige som deltek, med musikk og praktiske oppgåver, tekstlesing og barnesamling osb. Dette er ein sær sars viktig del av gudstenestelivet i kyrkjelyden

Våre 3 hovudordningar, i 2015 i korte trekk

1)Gudstenester med born og unge

a) Trusopplæring

får stadig nye tilskott ettersom planen for trusopplæring vert sett ut i livet. I 2015 hadde vi desse gudstenestene knytt til trusopplæringa:

- 4-åringar: Utdeling av «Mi kyrkjebok», i Os x 3 og NN x 2. Den siste i Nore Neset er knytt til hausttakkefest.
- 6 – åringar: Skulestartgudsteneste
- 6 – åringar tiltaket «heilt førsteklasses» vart avslutta med deltaking i gudstenesta palmesøndag.(NY)
- 6- og 7-åringar (1. og 2. klasse) avslutning av skapingsdagane i juni (NY)
- 11- åringar «Lys vaken» andre helga i november.
- 12 åringar, avslutning «Godheitsdagane» i juni (NY)
- Konfirmasjonstida gudstenester: Til saman 5 presentasjonsgudstenester i soknet, 4 pulshelger, ei av desse i Nore Neset, og 7 konfirmasjonsgudstenester

b) Andre gudstenester med born/unge

- 11.01. ungdommens misjonsgudsteneste i Nore Neset
- 12.04. deltok Join Us på gudstenesta i Nore Neset
- 1.s i advent deltok speidarane

Det er med andre ord mange gudstenester der born/unge er aktivt med. Nokre av dei følgjer fast opplegg og er i godt gjenge, andre er nye og ein ser at det kan vera rom for forbedringar.

2) Hovudgudsteneste med dåp og/eller nattverd

Gjev og rom for mangfald og variasjon, både musikalsk og med tanke på tema.

a) Særlege gudstenester/temagudstenester.

- 14.05. Kristi Himmelfartsdag i samband med misjonsstemna. Preike ved generalsekretær Jeffrey Huseby i NMS
- 31.05. folkedansmesse etterfølgd av sommarfest og trusopplæringsmarknad
- 14.06. Besøk av Thomas og Beatrice Omolo frå Garden of

	<p>Eden, Kenya. Thomas heldt preike</p> <ul style="list-style-type: none"> - 21.06. markering av Skaparverkets dag - Internasjonal gudsteneste i samband med diakonikonferansen på Kongshaug. Diakonar frå mange land deltok som medliturgar. Prest Marianne Uri Øverland og soknepresten forretta gudstenesta. - 13.09. gudsteneste i samarbeid med den evangeliske aksjonen som hadde vore den veka. Steinar Harila var predikant. - 25.10. Gudsteneste med Kongshaug-elevane - 01.11. var det 3 minnegudstenester, tradisjonelt kl 11 i Nore Neset og kl 19 i Os. I tillegg var det ei eiga gudsteneste retta mot PU + søndagssamling kl 17. Den samla færre enn forventta, men fall i god jord hos dei som kom. - Den 15.11. markerte vi søndag for forfølgde. <p>3) Gudsteneste med band</p> <p>Her er det mange engasjerte frivillige. Førebuinga av desse gudstenestene har vore krevjande, av di ulike aktørar har hatt ulik oppfatning av korleis desse gudstenestene skal vera. Det har ved fleire høve vore sett fram eit ønske om at ein får ein fast prest å forhalde seg til, og at det vert samling/inspirasjon for bandmedlemmer. Hausten 2015 vart det difor i stab bestemt at kapellane skal vera den av prestane som har hovudansvaret for desse gudstenestene. Dette er lagt inn i gudstenesteplanen for 2016. Det vart oppretta eiga facebook-gruppe, og den første inspirasjons-samlinga vart halden 15. oktober. Ein vonar at desse grepa kan vera med på å letta arbeidet med desse gudstenestene.</p> <p>Dåpsgudsteneste kl 10 om lag ein gong i månaden.</p>
2.0 .1	<p><i>Andaktsteneste</i></p> <p>Prestetenesta i Os syter for andaktar på Luranetunet, Os sjukeheim, Ravneberghaugen og Gamleheimshagen. I 2015 vart det halde 94 andaktar på desse institusjonane. I tillegg var det gudstenester julaftan og skjærtorsdag. Prestane har og faste tider på sjukeheimen for samtale med dei som måtte ynskja det. Ein vert og tilkalla til omsorg for døyande, nattverd hos sjuke mm.</p>

2.0 .2	Andre forsamlingar																																																			
2.1	<p>Folkekyrkja i møte med osingar</p> <p>Norges kirkevergelag tok tidleg i 2015 initiativ til ei registrering av kor mange personar lokalkyrkja har kontakt med i 2 tilfeldig valde veker.</p> <p>Veka i mars (veke 11) var ei «stille» veke hjå oss (fleire faste tiltak har samling annakvar veke, i partalsveker). I september (veke 38) var det ei meir normal veke (måndag var valdag og få aktivitetar). Oppteljing syner at ca 40 % hadde vi kontakt med i samband med gudstenester og kyrkjelege handlingar, medan 60 % var kontakt vi hadde på kvardagar. Kyrkja i Os er såleis meir ei kvardagskyrkje enn ei søndagskyrkje.</p> <p>Oppteljing frå andre kommunar viser i hovudsak same fordeling mellom «kvardagskyrkje» og «søndagsskyrkje».</p> <p>Tal frå Os:</p> <table border="1" data-bbox="272 1319 1406 1868"> <thead> <tr> <th>Vek e nr</th> <th>B ar n</th> <th>K o n f</th> <th>Ung do m</th> <th>Va ksn e</th> <th>Fa mil ie</th> <th>El dr e</th> <th>Gudst. /kyrkj .handl.</th> <th>Ku ltu r</th> <th>An dr e</th> <th>Friv. inns ats (års verk)</th> <th>Tal på frivi llig e</th> <th>SU M del t.</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>11</td> <td>1 6 3</td> <td>4 5</td> <td>203</td> <td>58</td> <td>0</td> <td>12</td> <td>629</td> <td>20</td> <td>72</td> <td>3,8</td> <td>97</td> <td>12 99</td> </tr> <tr> <td>38</td> <td>6 9</td> <td>1 6 3</td> <td>217</td> <td>80</td> <td>55</td> <td>21 5</td> <td>527</td> <td>9</td> <td>75</td> <td>4,0</td> <td>85</td> <td>14 95</td> </tr> </tbody> </table>													Vek e nr	B ar n	K o n f	Ung do m	Va ksn e	Fa mil ie	El dr e	Gudst. /kyrkj .handl.	Ku ltu r	An dr e	Friv. inns ats (års verk)	Tal på frivi llig e	SU M del t.	11	1 6 3	4 5	203	58	0	12	629	20	72	3,8	97	12 99	38	6 9	1 6 3	217	80	55	21 5	527	9	75	4,0	85	14 95
Vek e nr	B ar n	K o n f	Ung do m	Va ksn e	Fa mil ie	El dr e	Gudst. /kyrkj .handl.	Ku ltu r	An dr e	Friv. inns ats (års verk)	Tal på frivi llig e	SU M del t.																																								
11	1 6 3	4 5	203	58	0	12	629	20	72	3,8	97	12 99																																								
38	6 9	1 6 3	217	80	55	21 5	527	9	75	4,0	85	14 95																																								

3.0	<p>Kyrkjelege handlingar</p> <p>189 dåp som tilsvare 83% av born fødde av medlemmer/tilhøyrande. (For 2014 var tala 172 = 81% og for 2013 171 = 79%)</p> <p>185 konf , som er 83 % av tilhøyrande/medlemmer.(For 2014 var tala 172 = 78 % i årsgruppa)</p> <p>38 vigslar (38, 37, 45, 46)</p> <p>83 gravferder (105, 96, 110,109, 104)</p> <p>Prestane førebur dåp, vigsel, gravferd med dei familieane dei får med å gjere i samband med kyrkjelege handlingar. Konfirmantane fylgjer eige opplegg.</p>																																						
4.0	<p>Økonomi Soknerådet har bokført inntekter slik:</p> <p>Inntekter</p> <table data-bbox="284 1048 1077 1355"> <tr> <td>Brukarbetaling, sal- og leigeinntekter</td> <td>-2 161 404</td> </tr> <tr> <td>Refusjonar/overføringar</td> <td>-1 230 985</td> </tr> <tr> <td>Statlege tilskot</td> <td>-1 751 780</td> </tr> <tr> <td>Rammeløyving - Os kommune</td> <td>-7 153 775</td> </tr> <tr> <td>Andre tilskot/gåver/innsamla midlar</td> <td>-1 641 468</td> </tr> <tr> <td></td> <td><hr/></td> </tr> <tr> <td></td> <td>-13 939 412</td> </tr> </table> <p>Utgifter</p> <table data-bbox="284 1435 1077 1630"> <tr> <td>Løn og sosiale kostander</td> <td>8 177 921</td> </tr> <tr> <td>Kjøp varer/tenester</td> <td>3 326 453</td> </tr> <tr> <td>Refusjonar/overføringar</td> <td>34 625</td> </tr> <tr> <td>Tilskot/gåver</td> <td>1 356 826</td> </tr> <tr> <td></td> <td><hr/></td> </tr> <tr> <td></td> <td>12 895 825</td> </tr> </table> <table data-bbox="284 1675 1077 1832"> <tr> <td>Netto driftsresultat</td> <td>-1 043 587</td> </tr> <tr> <td>Finanskostnader</td> <td>460 352</td> </tr> <tr> <td>Bruk av fond</td> <td>-980 050</td> </tr> <tr> <td>Avsett til fond</td> <td>1 123 625</td> </tr> <tr> <td></td> <td><hr/></td> </tr> <tr> <td></td> <td>1 123 625</td> </tr> </table> <p>Rekneskapsmessig overskot</p> <p>-439 660</p>	Brukarbetaling, sal- og leigeinntekter	-2 161 404	Refusjonar/overføringar	-1 230 985	Statlege tilskot	-1 751 780	Rammeløyving - Os kommune	-7 153 775	Andre tilskot/gåver/innsamla midlar	-1 641 468		<hr/>		-13 939 412	Løn og sosiale kostander	8 177 921	Kjøp varer/tenester	3 326 453	Refusjonar/overføringar	34 625	Tilskot/gåver	1 356 826		<hr/>		12 895 825	Netto driftsresultat	-1 043 587	Finanskostnader	460 352	Bruk av fond	-980 050	Avsett til fond	1 123 625		<hr/>		1 123 625
Brukarbetaling, sal- og leigeinntekter	-2 161 404																																						
Refusjonar/overføringar	-1 230 985																																						
Statlege tilskot	-1 751 780																																						
Rammeløyving - Os kommune	-7 153 775																																						
Andre tilskot/gåver/innsamla midlar	-1 641 468																																						
	<hr/>																																						
	-13 939 412																																						
Løn og sosiale kostander	8 177 921																																						
Kjøp varer/tenester	3 326 453																																						
Refusjonar/overføringar	34 625																																						
Tilskot/gåver	1 356 826																																						
	<hr/>																																						
	12 895 825																																						
Netto driftsresultat	-1 043 587																																						
Finanskostnader	460 352																																						
Bruk av fond	-980 050																																						
Avsett til fond	1 123 625																																						
	<hr/>																																						
	1 123 625																																						

Disponering av overskot			
Formål	Beløp	MERKNAD	
50 % av overskot julemesse til fordeling ulike grupper B&U-arbeidet	70 000	Utlyst internt i kyrkjelyden til grupper i B&U-arbeid med 40-tusen til fordeling i mars og 30-tusen til fordeling til haustsememster	
Gravplassfond (meirinntekt festeavgift)	144 000	Avsetjast til fornying av gravplassutsstyr 2016	
Til SR disp.konto	225 660	Avsetjast til SR si disposisjonskonto	
	439 660		
<p>Moment til glede:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Rundt 50 personar som trufast gjev fast beløp til den meir enn 30 år gamle gjevartenesta til ungdomspresten/ungdomsarbeider (175-tusen i 2015)</i> • <i>Trass i stramme rammer, har soknet god styring på økonomien sin</i> <p>Inntekt som gir uro/bekymring:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Berre vel 60-tusen innbetalt i frivillig bladkontingent; dvs. vel 300 betalande av meir enn 6000 hus-standar.</i> • 			
5.0	<p>Bygg og anlegg Kyrkjetunet</p>		

Trinn I til Kyrkjetunet har vore i bruk sidan hausten 1989. Tidvis er K-tun sprengt; anten for få rom, eller dei største romma har ikkje stor nok kapasitet. Ulike vedlikehaldstiltak er gjennomført gjennom åra, men store delar av huset har trong for ei oppgradering/fornyning. Det vert teke høgd for det i samband med bygging av trinn III

Kontorfløy

Kyrjekontoret vart flytta til ny kontorfløy (trinn II) i 1999. Som følge av generell folkevekst i kommunen og innføring av trusopplæringsreform, var våre lokale for små, og hausten 2013 kunne vi ta i bruk utvida og oppgradert kontorfløy. Staben i Os har gode arbeidslokale.

Gravplassar

Det er Os sokneråd som har drifts- og forvaltingsansvar for gravplassane i Os. Denne tenesta gjer soknerådet på vegne av storsamfunnet og skal tena alle innbyggjarane, uavhengig av trus- og livssynsamfunn.

Sommaren 2014 skulle ein utvida Kuventræ gravplass stå ferdig, men overflater og sluttarbeid vart ikkje godkjent. Heller ikkje i løpet av 2015 klarte entreprenør og Os kommune (som fungerte som



utbyggjar) å få slutført arbeidet. Kyrkjeverja er spent på om resultatet vert slik at ein kan tilrå at Soknerådet kan overta eigedom/driftsansvar.

Det er og ferdigstilt arbeid med ein reguleringsplan for utviding av Nore Neset kyrkjegard. I prosessen er det reist spørsmål om kommunen også bør sikra seg eit større areal til framtidig gravplass. Med tanke på effektiv drift bør ein ikkje spreia gravplassar fleire stader enn naudsynt. Samfunnsøkonomisk vil det vera viktig at kommunen sikrar seg optimalt område tilknytt Nore Neset kyrkje.

5.0

Byggjeprojekt

.1	Ingen konkrete byggjeprojekt gjennomført i 2015.
6	<p><i>Barnearbeid</i></p> <h2 style="text-align: center;">Årsmelding ShubaDubs 2015</h2> <p>Familiekoret «ShubaDubs» er eit godt og velfungerande kontinuerleg tilbod i Os kyrkjelyd. I 2015 har vi hatt ca 35 born på medlemslista; dvs. rundt rekna 65 små og store som samlast i eldstova annankvar måndag. Dette er eit kor for born i alderen 2-7 år, som i følgje med foreldre, besteforeldre eller andre vaksne syng og leikar saman før vi avsluttar med kveldsmat i lag.</p> <p>Shubadubs er ikkje medlem av nokon organisasjon.</p> <p>Medlemmene betaler semesteravgift/kontingent; 200,- pr barn og 300,- for søsken.</p> <p>Vi opplever at dette er eit populært lavterskeltilbod som både vaksne og born har stor glede av, og som skaper gode fellesskap i kyrkjeleg regi.</p> <p>Dette året tok Gro Helen B. Skjælaaen over hovudansvaret for Shubadubs, då Hege gjekk ut i permisjon. Ingvild og Roar Evjedal har teke del som medhjelparar. Hovudansvaret inneheld planlegging og organisering av øvingane, kommunikasjon med medlemmer og andre aktørar, fordeling av oppgåver og å handla inn til kveldsmat. Det er vanskeleg å få frivillige til å leia koret. Vi arbeider kontinuerleg med å leita etter kandidatar.</p> <p>Foreldre deltek i tillaging av kveldsmåltidet etter tur, og melder seg til pianospeling og andre oppgåver som gjer arbeidet lettare for hovudleiar.</p> <p>Program 2015: Vårsemesteret vart avslutta med ein intim liten familiekonsert i kyrkja, og mat i Kyrkjetunet. Hausten øvde vi, saman med prosjektkoret Gabrielle, til julemusikalframføring i kyrkja. Det vart stor suksess.</p> <p><u>Søfteland måndagsklubb</u></p> <p>Held til på Søfteland bedehus og møtest kvar måndag kl 17.30-</p>

18.30. Dette har vore eit tilbod i mange år, og i 2015 har det vore med 4-6 aktive born. Mandagsklubben tilbyr ulike aktivitetar som song, teikning og anna, avhengig av borna som går der. Borna får også høyre ei bibelforteljing, og dei bruker «Sprell levande» sitt tekstopplegg.

Halhjem barneklubb «B-gjengen»

B-gjengen er ein klubb for elevar i 1.-4. klasse. Vi held til på Halhjem barneskule annankvar laurdag kl. 12-13.30, og dette året har det vore om lag 20 barn som har vore faste brukarar av klubben. Første timen har vi ulike aktivitetar som hobby, mat, leik & spel, av og til fotball, før vi har samling med bibelforteljing og litt song. Til slutt et vi det matgruppa har laga. Dette er veldig kjekt!

FamilieKRIK

Årsmelding for Os familieKRIK 2015



Os familieKRIK blei starta 03.06.13.

Vi har i 2015 hatt faste treningar i Nore Neset aktivitetshus, der vi leiger forsamlingslokale og 3-delt idrettshall. Vi har som mål å ha ei trening i månaden, men utfordringar med å få plass i hallen har gjort det vanskeleg. Vi hadde 3 treningar hausten 2015. Det har vore mellom 40 og 80 deltakarar på treningane, vanlegvis om lag 65-70.

Vi har instruktør med brattkort og tilgjengelig klatrevegg, og bruker dette aktivt på treningane våre. Vi har fast andakt og litt musikk og song kvar gong.

Søndag 8. mars arrangerte vi skidag på Kvamskogen med tur og leik. Vi var 13 deltakarar.

28.-30. august 2015 reiste vi på vår årlege KRIK-tur til leirstaden Brandøy i Rogaland. Om lag 100 deltakarar hadde ei aktiv og kjekk helg i lag, med aktivitetar som morgonbad, tautrekking, friidrettssirkel, motbakkeløp m.m. Prestane Bård og Kjersti Norheim var med for å halda samlingar fredag og laurdag, samt gudsteneste søndag.

Vi ønskjer å ha ein vinterweekend i tillegg, og har stilt oss i kø for å få leiga plass på leirplassen Helgatun i Myrkdalen. Vi fekk tilslag hausten 2015, og vil arrangera weekend i februar 2016.

Frå veke 44 hausten 2015 har vi hatt eit tilskot til den vanlege familietreninga. Vi oppretta ei undergruppe, KRIK-lady, med styrketrening for damer. Vi har treningar i Nore Neset barneskule kvar onsdag kl.20.30-21.30. Det er mellom 10 og 15 deltakarar kvar gong.

Ved årsskiftet har vi om lag 45 barn under 18 år registrerte i KRIK sentralt sine dataregister.

Os familieKRIK blei godkjent som grasrotmottakar i desember 2014, slik at vi kan motta grasrotandel av midlar frå Norsk tipping.

Os familieKRIK har ein eigenandel på 250 kr per familie til vårt lokallag, i tillegg til at kvar familie betalar til KRIK sentralt.

Styret har hatt fire møte i løpet av året, og har elles ansvar for alle treningar, turar, utstyr, budsjett og midlar m.m.

Os familieKRIK har eigen facebook-gruppe for å dela informasjon om arbeidet vårt. Vi ser at dette er den mest effektive måten å nå folk på, i tillegg til e-post når vi har meir informasjon i forkant av arrangement t.d.

Elin Skaatun
Styreleiar-

Speidargruppa

ÅRSRAPPORT 2015

Speidargruppa 1. Os KFUK-KFUM har i 2015 hatt opplegg for 3 ulike

aldersgrupper, slik vi plar: Oppdagar (2.-3. klasse), Stifinnar (4.-5. klasse), og Vandrar (6.-10. klasse). Det er også nokre få rover-medlemmer (over 10. klasse).

Vi har speidarmøte kvar måndag. Kyrkjetunet er oftast utgangspunkt for møta, men vi er stadig på farten – så det kan nok henda at vi til tider er lite synlege. Det er eit poeng for oss speidarar å koma oss ut i naturen, og vi legg vekt på å bruka nærmiljøet mykje. Mellom anna

er segling og padling populære



aktivitetar. Kvart semester prøver vi å få til ein overnattingstur for alle speidarane, og dei eldste speidarane har tilbod om fleire turar i Os og omegn. enten i telt eller hytte. Gjennom Bjørgvin krets har vi tilbod om ei rekke kurs, turar og leirar for dei eldste speidarane, og vi kunne nok vore flinkare til å senda ungdomane av garde på desse arrangementa. Viktige stikkord for speidararbeidet er: Kristen tru – fellesskap – personleg utvikling – friluftsliv – samfunnsengasjement.

Vi er ca. 10 aktive leiarar, og fleire andre vaksne støttespelarar – totalt 76 medlemmer. For tida er det ikkje venteliste for å byrje i speidaren. Det er mest pågang på dei yngste aldersgruppene.

Stifinnarane lagar mat på bål è è

7.0

Ungdomsarbeid

Ungdomsarbeidet i 2015 har vidareført det meste frå førre året. Tune In, tidlegare Klubben og Join Us har halde fram med sitt arbeid. Bibelgruppa som vart stifta førre året under namnet «klubbfellesskapet», har skifta namn til In Tune. For å gi konfirmantar eit tilbod etter konfirmasjonstida, har me fortsett med trusopplæringstiltaket «Ungdomsalfa» Her har det vore miksa oppslutnad alt frå 4 til 12 stykk.



I motsetnad til føregåande år har me merka ein nedgang av folk som nyttar tilboda våre. Likevel er me ein stabil gjeng. På Join Us har ein vore mellom 40 og 50 og på Tune In mellom 20 og 40. Fleire av leiarane frå tidlegare har takka av for å gå inn i andre ting. Dette merkast på oppslutnaden, spesielt på Tune In. Her har me ein jobb å gjera i forhold til framtidig rekruttering av leiarar.

Av stabsutskiftingar har dette skjedd: Åse Kristin Urdahl har halde fram som ansvarleg for Join Us. Med seg på laget har ho fått Sanne



Moskog som dirigent og Inger Johanne Haugland som medansvarleg.

Nils Jøssang slutta i jobben som ungdomsarbeidar, Magnhild Vik slutta som trusopplæringsmedarbeidar og diakon. Jobben til Nils og Magnhild har blitt overtatt av Lars Joar Hilleren som gjekk inn i 100% stilling i august, samstundes som Sigurd Rotvik Tunestveit gjekk inn i ei 20% stilling som ungdomsarbeidar. Janikke Gangstø Rogne er tilbake i ein 50% diakonstilling. I tillegg slutta og Knut Anders Stokke i si 20%stilling som leiar for Join Us- bandet og styreleiar i Tune In.

Join Us Tensing har ca 50 medlemmer frå 13 år og oppover, og syng gospelsongar. Dirigenten er Sanne Moesgaard, 16 år.

Join Us er inndelt i grupper: kor, band, teknikk, dans og drama, og har temaøvingar ein gong pr mnd. Vår-show og julekonsert er faste arrangement, kor alle gruppene får praktisert det dei har lært. I tillegg opptrer koret under gudstenester i Os.

I vår vart det to sosiale weekends, telt-tur til Ervikane, og i oktober hadde vi øvings- og sosial weekend på skulen i Søre Øyane. I november deltok rundt halve koret på KFUK-KFUM sin nattcup i Haukelandshallen.

I koret er det godt humør, pausemat og andakt.

Turar

I år vart det ikkje arrangert tur til England sidan Roar Hallesby Evjedal var i permisjon. I tillegg var Soul Survivor, som ein har reist på før om åra, på ei tid det ikkje let seg gjere å reise på. Det jobbast med og få til eit tettare samarbeid mellom kyrkjelyden sitt misjons prosjekt i Barrow, i England og kyrkja i OS.

Av andre turar vart det arrangert turar til Impuls, Vinterfestivalen på VOSS og Oase. Ingen reiste frå OS til Get Focused. Nokre reiste og på arrangementet «endag» Turane er viktige for å skapa samhald og for vidare vekst i trua.

Faste tiltak, slik som Youth Alive og Natt i Tunet, vart utsette frå hausten 2015 til tidleg i 2016, då det ikkje var mogleg og gjennomføra tiltaka innafor tidsplanen.

8.0

Trusopplæring

Babysong, i Os og Nore Neset

Babysong har lenge vore eit populært tilbod for nybakte mødrer. I 2015 deltok 42 babyar på babysang med sine mødrer. Det har vore størst pågang i Os, men det har og vore ein god auke i talet på Nore Neset.

Mange av dei som har gått på babysong begynner og i familiekoret Shubadubs med eldre born.

Babysong på Nore Neset har no vorte eit etablert tilbod. Alle som har døypt barna i tilhøyrande krins får skriftleg invitasjon. Det blir i tillegg annonsert i avisa, der alle vert invitert til å melda seg på. I haust starta vi med invitasjon til alle døypte og påmelding på medarbeidaren i Os-krinsen og.

Trusopplæring og undervisning

Målsetjing (strategiplan for Os sokn):

Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos barn og ungdom, uansett funksjonsnivå.

Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.

Innarbeidde tiltak:

1. Dåpsførebuing
2. Dåpshelsing til 1-åringar (spisebrikke)
3. Dåpshelsing til 2-åringar (CD)
4. Utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar
5. Utdeling av 4-årsbok
6. Utdeling av 6-årsbok
7. «Heilt førsteklasses»
8. Skapingsdagane
9. Lys Vaken
10. Godheitsdagen
11. Konfirmantarbeid:
 - a. Gruppeopplegg (8 ulike tilbod)
Avslutta gruppe: KRIK sportsfiske
Nye grupper: TT-gruppa (praktiske tenester i kyrkjelyden)
 - b. Undervisningssamvær: Berre fem temasamlingar i år, innført sjølvstudium som «Nettkonfirmant» (for alle),ei

PULShelg

c. Foreldrekontakt *haust*: Fyrste gruppesamling for både konfirmantar og foreldre. *Vår*: foreldremiddag med info

8. Alphakurs for ungdom

9. Youth Alive (leir)

Innarbeidde tiltak:

Dåpsførebuing

Det er dåpsførebuing ein vekedag i forkant av gudstenester med dåp.

Førebuinga har vore leia av den presten som skal ha gudstenesta.

Dåpshelsing til 1- og 2-åringar

Utsending av spisebrikke og CD eitt og to år etter dåp, med brev og helsing. Dette gjer vi ein gong i kvartalet.

Y`s Menklubben har betalt porto dette året I desember prøvde vi ut ei ny ordning med utkøyring i krinsane. Frivillige tok ansvar for kvar sin krins (6 krinsar). Positive tilbakemeldingar og vi fortset med utprøvinga i 2016.

Vi har 2 tiltaksfadrar som pakkar dåpshelsingane klare til utsending.

Utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar

Laurdagssamling kl. 12.00 - 14.00 med: måltid (graut), hobby (adventsstjerne), bibelforteljing (vismennene og stjerna) og utdeling av boka. 43 born deltok, og 19 frivillige medarbeidarar.

Utdeling av 4-årsbok

Dette inneber to samlingar for kvar 4-åring; Undretur (ei «bli kjent i kyrkja»-samling) og ei gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Det er fem slike opplegg kvart år, to i Nore Neset kyrkje og tre i Os kyrkje. Trusopplærar Gro Helen B. Skjælaaen (i vikariat for Hege) har vore hovudansvarleg, kateket Hildur Løkken Lillestøl har hatt ansvar for Nore Neset. Dei planlegg og gjennomfører dette saman med prest og organist som har ansvar for gudstenesta. Fleire frivillige tek del både på Undretur og gudsteneste, og nokre vil vera tiltaksfadrar for dette.

Ca 107 barn mottok 4-årsbok i 2015.

Utdeling av 6-årsbok

Skulestartmarkering for alle 6-åringar i begge kyrkjene med utdeling av 6-årsboka. 47 barn fekk utdelt bok. 8 frivillige barn deltok med dramatisering og som forsongargruppe. 4 vaksne frivillige deltok med registrering og utdeling. Trusopplærar Gro Helen B. Skjælaaen var hovudansvarleg for planlegging og gjennomføring, saman med prest. Saman med organist gjennomførte dei begge gudstenestene. «Heilt førsteklasses»

Gjennomført for første gong i 2015. Som ei oppfølging til 6-årsboka, vert 7-åringane inviterte til 5 ettermiddagssamlingar på våren. Kvar samling varer 1,5 time, og inneheld bibelforteljing, formingsaktivitet

og kveldsmat. Trusopplærar planla og gjennomførte tiltaket saman med 4 frivillige medarbeidarar. Fleire foreldre deltok i praktiske oppgåver undervegs.

35 born deltok i tiltaket. 22 frivillige foreldre deltok i praktiske oppgåver.

Skapingsdagane

Gjennomført for første gong i 2015. Alle 7- og 8-åringane vart inviterte til 3 dagar (kl 9-15) med skaping saman med kunstnarar innan keramikk, dans, trommer, foto og maling. Vi starta og avslutta kvar dag i kyrkja med andakt og bønn. Veka vart avslutta med gudsteneste der borna deltok med tromme, dans og drama/song. 63 born deltok. Medarbeidarar: 15 frivillige, 5 frå stab + 6 kunstnarar.

Lys Vaken

Invitasjonane gjekk ut til både Os og Nore Neset krins, men vart berre gjennomført i Os, grunna 0 påmelding til Lys Vaken på Nore Neset.

22 born deltok i arrangementet på Os. Gro Helen og Hildur planla saman med prest og organist Linda. Elles bidrog Tryggve frå stab. 6 foreldre deltok med praktiske oppgåver.

Arne Tveit er tiltaksfadder i tiltaket og deltok i planlegging. Vi fekk god hjelp av foreldre/føresette til praktiske oppgåver både på laurdag og søndag. Gudstenesta fungerte godt i samarbeid mellom alle som deltok.

Godheitsdagen

Gjennomført fyrste gong i juni, og alle døypte og tilhøyrande 6.-klassingar fekk invitasjon i posten. 11 deltakarar, to tilsette og fire frivillige deltok. Underhaldning på Luranetunet og flyttehjelp var aktivitetane i år.

Konfirmantarbeid

a: Gruppene frå 2014/15

(Presentert med hovudleiar og tal på deltakarar)

Båt- og Sjøliv (Svein A. Bakke, 25 stk)

Join Us – Konfeband (Knut Anders Bakke, 5 stk)

Join Us – Ten Sing (Hallgeir Bjørnevik, 20 stk)

KRIK eXplore (Ole Kristian Kopperud, 15 stk)

KRIK Golf (Roar H Evjedal, 18 stk)

KRIK Sportsfiske (Hallgeir Bjørnevik, Knut Ivar Askeland 17 stk)

KonfCamp (Hildur Løkken Lillestøl, Magnhild Vik 55 stk)

KlubbCrew (Nils Jøssang 15 stk)

SamanFORandre (Magnhild Vik 13 stk)

b: Vidareføring av konfirmantplan med fokus på relasjonsbygging

Vi har vidareført ordninga for konfirmantane med aktivitetsgrupper. Desse gruppene har undervisning i gruppene, og det fungerer godt. Eit av måla med dette var å knyta relasjonar med konfirmantane og

gjera dei tryggare i det kyrkjelige fellesskapet. Her er vi komne eit stykke på veg, men har framleis ein jobb å gjera. Vi ynskjer å arbeida for å knyta konfirmantane opp mot det fungerande ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

c: Gudstenesteverkstad

Gudstenesteverkstaden er innlemma i PULShelga, der konfirmantane førebur sine oppgåver gruppevis (ministrantoppgåver, bønnevandring, forsongargruppe). Slik deltek dei aktivt på gudstenesta som er knytt til denne helga. Dette opplever vi som viktig og positivt for konfirmantane og kyrkjelyden.

d: Gruppene frå 2015/16

(Presentert med hovudleiar og tal på deltakarar)

Båt- og Sjøliv (Svein A. Bakke, 26 stk.)

Join Us – Konfeband (Åse Kristin Urdal, 4 stk.)

Join Us – Ten Sing (Inger Johanne Haugland, 23 stk.)

KRIK eXplore (Sigurd Rotvik Tunestveit, 16 stk.)

KRIK Golf (Roar H. Evjedal, 18 stk.)

KonfCamp (Lars Joar Hilleren 51 stk.)

Konf;Tune In (=KlubbCrew) (Lars Joar Hilleren 14 stk.)

SamanFORandre (Jannike Gangstø Rogne 7 stk.)

TT-gruppa (Hildur Løkken Lillestøl 7 stk.)

e: Konfirmantarbeidet haust 2015:

Oppstart som i fjor eit storfellesskap og « Kick Off» på Kyrkjeflaten for alle konfirmantane. Lars Joar som ny i konfirmantlærarteamet var involvert frå første stund. Vi starta gruppesamlingane med bli-kjent-opplegg for konfirmantar og infodel for føresette. I år har vi 161 konfirmantar. Ein nedgang frå i fjor sjølv om årskullet er stort (ca 220).

Nytt for dette konfirmantkullet: TT-gruppa som har fokus på tenesteoppgåver i kyrkjelyden. Kyrkjevert, kafèdrift, utdeling av dåpshelsingar, laga salsvarer til julemesse m.m.

Opplegget med stasjons-undervisning har vi gjennomført på alle undervisningssamvær heile dette året. PULS-helgene har undervisning utifrå same tema som før. Bolken med gudstenesteverkstad har vi fortsett med. Konfirmantane førebur då konkrete oppgåver til gudstenesta.

Evaluering av konfirmantopplegget: Vi har ein flott gjeng med konfirmantar! Vi ser positivt på at så mange konfirmantar har valt leirtilbodet *KonfCamp*. Vi vil famleis arbeida for at alle konfirmantar får med seg ei leiroppleving i løpet av konfirmanttida.

Nettkonfirmantopplegget er nytt i haust. Dette er eit konfirmantopplegg utarbeidd av Sjømannskyrkja med sikte på sjølvstudium for konfirmantane. Kvar konfirmant får tildelt sin nettkontakt, som gjev råd i høve til oppgåvene og som godkjenner svara for kvart tema. Vi har 21 nettkontaktar som har ansvar for 5-18 konfirmantar.

Når det gjeld medarbeidarar i konfirmantarbeidet ville det vera svært positivt om vi fekk med mange frivillige leiarar i gruppene, på turar og i undervisninga. Det er mange flotte ressursar i kyrkjelyden som kan tilføra konfirmantane kunnskap og godt fellesskap.

Trusopplæringsutvalet

a: Medlemmene

Medlem i Trusopplæringsutvalet (TOU) er:

Torild Aadland, Roar Hallesby Evjedal, Svein Arne Bakke, Trygve Helgesen, Knut Inge Johnsen, Anne Margrethe Solheim Magnus, Gro Helen Blindheim Skjælaaen, Hildur Løkken Lillestøl (leiar).

b: Arbeidet

TOU har hatt 3 møte våren 2015:

Hovudsaker har vore oppstart av nye tiltak og planlegging av fest og markering av godkjent plan! 31. mai vart ein flott dag med festgudsteneste, festmåltid på kyrkjeplatene og festprogram for open scene. Vi kjenner på glede og stoltheit over planen og ser det som viktig og flott å få gjera små og store i kyrkjelyden kjent med alle tiltaka. Marknadsføring er eit viktig stikkord for arbeidet vidare framover!

Planen er ein reiskap for trusopplæringsarbeidet i Os kyrkjelyd. Den gjev oss nye utfordringar og skaper nye moglegheiter!

HAUST 2015 var fire tilsette på Trusopplæringskonferansen på Lillehammer. Det vart ikkje gjennomført møte for TOU.

Vi har klart å følgja framdriftsplanen frå i fjor med nokre unntak

Desse tiltaka vart starta opp i 2015

* Dåpshelsing 2-åringane. CD (Min båt er så liten) sendt i posten 4 g. pr.år

* Godheitsdagen for 12-åringar i mai



C: Framdrift våren 2015

Oppstart av nye tiltak:

- Natt i Tunet for 13-åringar
«Tårnagentar» for 8-åringane (startar i februar)
- Påskevandring for 5-åringar (veka før påske)
- Pinseforteljinga på Pilegrimsvis (mai)
- Ferdigutvikla opplegg rundt «Tiltaksfadder»

Medhjelparar:

Foreldre hjelper til med praktiske oppgåver i mange av tiltaka. Kjekt å sjå at tiltaksfadrar trivst med oppgåvene. Vi må framleis utvikla eit godt opplegg for å invitara og inkludera ressursar i foreldregruppa, konfirmantgruppa og kyrkjelyden generelt. Oppgåvene er mange og varierte, og målet må vera at dei som vil vera med kan finna sin plass.

Samarbeidande organisasjonar

Os kommune

Det er samarbeid med kommunen på fleire område.

Samarbeid med Frivillig-sentralen om opplegg for konfirmantgruppe med diakonal profil har vore positivt og godt. Dette samarbeidet har utvikla seg positivt i år og.

Samarbeid skule/kyrkje for 4.- 6. klassetrinn:

- 4. klasse kyrkjebesøk med tema kyrkjebygget, kyrkjerommet og orgelet

v/ kateket, organist og kyrkjetenar

- Arne Fossåskaret har gjort ein framifrå jobb der og i samband med barnehagegudstenestene!

- 5. klasse skulebesøk med tema Bibelen, utdeling av bibel til alle v/kateket

- 6. klasse kyrkjebesøk med tema Kyrkjemusikk og kyrkjearkitektur v/kateket og organist

Alle barnehagane og skulane inviterte til eigne adventsgudstenester; Det var eigne barnehagegudstenester på bedehusa i Søre Øyane og på Søfteland, og i Galleriet på Halhjem

Totalt 13 barnehagegudstenester og 15 skulegudstenester

Trusopplærings-kommentar

To trusopplæringstiltak har i 2015 vorte gjennomført for fyrste gong: «Heilt førsteklasse» og «Skapingsdagane». Begge tiltaka hadde god deltaking, godt med medhjelparar og var vellukka på alle måtar. Kyrkjelydsfesten 31. mai var og ei storsatsing.

I gjennomføringa av desse tiltaka har vi opplevd at samarbeidsmodellen vi legg opp til mellom frivillige og stab utløyser engasjement, inspirasjon og energi. Eit eksempel på fellesskapstanken i Bibelen i praksis.

Vi høyrer saman - og saman er vi best!

Diakoni**Diakoniutvalet****Diakoni**

Kjernen i diakonien er at Guds kjærleik kjem til uttrykk gjennom gode handlingar og omsorg. Den norske kyrkja sin definisjon av diakon peikar på fire område som blir uttrykt gjennom: nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Diakoniutvalet har hatt to møte på hausten, der sakene grøn kyrkjelyd, ope hus i jula, innvandrar- og flyktningarbeid og besøkstenesta har blitt drøfta. Diakonen har i tillegg vore involvert i konfirmantarbeid, planlegging av Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, tilrettelegging og gjennomføring av minnegudsteneste for psykisk utviklingshemma, m.m. Det store engasjementet for diakonien og mengda diakonalt arbeid gjer det utfordrande for diakonen å halda seg til stillingsprosent på 50 %

Miljø

Vern om skaparverket er eit sentralt diakonalt område. Dette er bakgrunnen for spalta «Klimafakta og miljøtips» i kyrkjebladet.

I 2015 vart kyrkjelyden godkjend som grøn kyrkjelyd. Diakoniutvalet har utvikla ein handlingsplan med tiltak som kyrkjelyden vil arbeide med framover.

Ope hus i jula

Kyrkjelyden har, i samarbeid med Frivilligsentralen og Foreininga mot Rus, arrangert ope hus i julehøgtida i seks år, og mange har nytta seg av tilbodet. Av ulike grunnar ønskjer diakoniutvalet å bruka tid på å drøfta målsetjinga ved tiltaket, og å finna forma som støttar dette. Kyrkjelyden arrangerte derfor ikkje ope hus i 2015. Diakoniutvalet vil nytta tida fram til jula 2016 til dette arbeidet.

Innvandrar- og flyktningarbeid

I juni arrangerte kyrkjelyden fisketur, i samarbeid med Flyktningtenesta. Om lag 20 personar var fordelt på 2 båtar. Dette er eit arrangement kyrkjelyden har hatt i mange år, og er eit populært

tiltak som flyktningane ønskjer meir av.

Flyktnings situasjonen i Europa har bidrege til eit auka engasjement om korleis kyrkjelyden kan hjelpa flyktningane som kjem til Os. Dette har vore bakgrunnen for arbeidet med å kartleggja kva behova er, samt kva tilbod som alt finst i Os. Det er etablert ei arbeidsgruppe som kan arbeida vidare med dette. Arbeidsgruppa har sitt første møte januar 2016.

Besøkstenesta

Frivilligsentralen og kyrkjelyden har eit godt samarbeid om besøkstenesta. I 2015 var det 5 besøksvener, som gjekk på 120 besøk. Haldis Omdal har vore kyrkjelyden sin leiar for besøkstenesta i mange år. Ho gir seg no i denne oppgåva. Kyrkjelyden takkar for godt og engasjert arbeid. Diakonen tar over rolla som leiar inntil vidare.

Vindfanget

Diakonen har besøkt Vindfanget oppfølgings senter to gonger om hausten. Vindfanget gir tilbod om oppfølging for menneske som ønskjer å arbeida med endring for å oppnå eit liv utan rusavhengigheit og kriminalitet. Verksemda er ein del av den ideelle, diakonale og landsdekkande Stiftelsen Kirkens Sosialtjeneste. Formålet med besøka er å visa omsorg for menneska som er der, tilby samtale og å inkludera i aktuelle tilbod kyrkjelyden har.

Oppfølging av sørgjande

Oppfølging av dei som har mista ein av sine kjære, er eit sentralt diakonalt arbeid. Alle etterlatne får tilsendt eit brev med tilbod om å få levert sorglys på døra. Det er mogeleg å takka nei til dette tilbodet. Erfaringa er at om lag halvdelen av dei som får tilbodet, takkar nei. Om lag halvdelen av dei som får levert sorglys på døra, set ekstra pris på merksemda.

Saman med sorglyset blir det levert ein brosjyre med informasjon om det å vera i sorg, samt informasjon om mogelegheit for sorggruppe. Kyrkjelyden har fått nokre meldingar med ønske om sorggruppe, men omfanget har likevel vore for lite til at det har vore mogeleg å gjennomføre. Kyrkjelyden har derfor ikkje kunna komme dette behovet i møte. Det er ikkje ønskelig å ha det slik, og vi

	<p>arbeider med å finna løysingar på dette.</p> <p>I mai 2015 vart <i>Kveldsope</i> starta opp. Dette er eit tilbod til etterlatne som har mist livspartnaren sin, og som har ansvar for barn og ungdom. <i>Kveldsope</i> er eit samarbeid med kommunen. Det har vore om lag ei samling i månaden med tema knytt til det å takla kvardagen, med spesielt fokus på det å ha ansvar for barn og ungdom. Det har vore få deltakarar på samlingane. I evalueringa blir det vurdert å opna tilbodet for fleire enn den spesifikke gruppa det først var tenkt til.</p>
10. 0	<p>Kyrkjemusikk</p> <p>Musikkutvalet</p> <p>Utvalet er delt i to undergrupper: Gudstenestegruppa og konsertgruppa. Gudstenestegruppa har ansvar for å samordna kontakten med musikk-krefter i og utanfor kyrkjelyden. Dei har som målsetting at kvar gudsteneste skal ha eit musikalsk innslag i tillegg til orgelmusikken. Dette er ein vinn-vinn situasjon, der kulturaktørane får høve til å opptre for eit lydhørt publikum, kyrkjelyden får musikkopplevingar og meir varierte gudstenester, og kyrkja styrkjer rolla si i lokalsamfunnet. Det vert heile tida jobba med det som mål at alt som skjer i gudstenestene er integrert i ein heilskap, slik at musikkinnslag ikkje vert små konsertar. Kvar 6. - 8. veke møtest vi for å planleggja musikkinnslag for kvar gudsteneste. Medlemmene i gudstenestegruppa er Grethe Inger Berge, Norvald Kobbeltvedt og kantor. Torgeir Skjælaaen ønskte ikkje å vera medlem lenger og skal bruka ressursar på lovsongbandet. Dei frivillige som har delteke er: Kyriaké, kyrkjekoret, Last minute-koret, Fonos, Os vocalis, Os musikkforening, Lysekoret, Os mannskor, Os spelemannslag, Os kammerkor, Gladsangere, Join Us, Sofie Haukås, GTONO trio (Grethe Inger Berge, Toril Myklebust Lie og Norvald Kobbeltvedt), Grethe Inger Berge, Øyvind Vedvik, Øyvind Gjerde, Martin Herfjord, Helge Haukås, Astrid Bjelland, Gro Helen og Torgeir Skjælaaen, Oddgeir Bjelland, Tonje Hernes, Signe Berge Moland, Tuva Hovland, Silje Kuven Odland, Linn Kjerstin Rondestveit, lovsongbandet, Tweens og</p>

elevar frå Kongshaug, leia av Frode Jakobsen.

Konsertgruppa har ansvar for å arrangera konsertane under nemninga "Musikk i kyrkja". Tanken med dette arbeidet er å samordna og synleggjera det rike konsertlivet i kyrkjene, mellom anna med opptrykt semesterprogram. Ei anna målsetting er å lyfta fram unge talent og gje lokale utøvarar høve til å opptre. Gruppa tilbyr marknadsføring og arrangørhjelp til dei som vil halda konsertar. Konsertgruppa møtest 1-2 gonger per semester. Medlemmene i konsertgruppa er Knut Vidar Garlid, Øyvind Vedvik og kantor. Konsertar i 2015 under "Musikk i kyrkja": 22. mars (Messias) og 16. august. Øyvind Vedvik har flytta til Sotra, så det er vanskeleg å møtast oftare.

Eit høgdepunkt i konsert/musikk for meg i Os kyrkje var Messias-konserten den 22. mars. Det var eit fellesprosjekt med Fana kyrkje. Det var ca. 80 i koret. Os kammerkor, nokre frå kyrkjekoret, Kyriaké og andre frivillige deltok. Folkedansmessa var det andre høgdepunktet på søndag den 31. mai. Kyrkjekoret, Kyriaké, Os spelemannslag og 6 dansarar deltok. Andre populære konsertar var konsertar med Kyriaké, Fonos, Kongshaug og Eidsvåg. Gabrielle musikal var og ein populær familiekonsert.

Andre konsertar

Det har vore ca. 30 konsertar i kyrkjene. Dette er ein høg aktivitet, og berre 5 av konsertane var rein utleige til eksterne aktørar. Lokale lag stod for 13 av konsertane, medan kyrkjelyden sjølv hadde hand om 10 arrangement. Nore Neset kyrkje er framleis ein viktig arena for konsertar og kulturkveldar. Desse tala syner kor stor rolle musikken spelar i kyrkjelyden og at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartnar for det lokale musikklivet i Os.

Vaksenarbeid – Kor

Os kyrkjekor held fram som kyrkjelyden sitt gudstenestekor, leia av kantor. Dei syng 3-4 gonger per semester. I tillegg er det to forsongargrupper som leiar salmesongen, spesielt for dåpsgudstenester. Last minute-koret syng 1- 2 gonger per semester. Med ei friare stilling innanfor kyrkjelyden har vi Kyriaké, leia av Turid Bakke Braut og Fonos, leia av Stine Kobbeltvedt.

	<p>Kyriaké syng på fleire gudstenester årleg. Fonos syng 1-2 gonger per år. Join Us syng på fleire gudstenester i løpet av semesteret, og dei har jo også sin eigen konsert på våren og før jul.</p> <p>Ressursar</p> <p>Anita Haugland Berge tok permisjon i august 2014 som organist/trusopplæringsmedarbeidar. Åse Kristin Urdahl fekk vikarstilling som organist. Anita kjem tilbake i august 2016. Det er òg mange andre frå kyrkjelyden som er aktive på musikk sida og som spelar og syng på ungdomsgudstenester, 5 på 11-gudstenester, familiegudstenester osv. Elevar frå Kongshaug musikkgymsnas deltek jamt. Det same gjer songarar, muskarar og lag frå musikklivet i Os.</p> <p>Åse Kristin er også pianostemmar og har ansvar for 5 piano: 3 i Kyrkjetunet, eit i Os kyrkje og eit i Nore Neset kyrkje. I tillegg til orgel og piano spelar Åse også gitar. Av og til spelar ho til andaktar på sjukeheimen.</p> <p>Orgelet i Os kyrkje er nesten 60 år gammalt og begynner å visa aldersteikn. I mai kom ein vedlikehaldsarbeidar frå Ryde og Berg orgelfabrikk for å sjå på orgla i kyrkjene i Os. Han meinte at orglet i Os kyrkje berre har ei levetid på 10-15 år. Orglet i Nore Neset kyrkje er i god stand.</p>
<p>11. 0</p>	<p><i>Anna kyrkjelydsarbeid</i></p> <p>Torsdag i tunet</p> <p>4 samlingar kvart semester. Enkel kveldsmat, innleiingsforedrag eller formidling over eit tema. Prat rundt borda og høve til spørsmål/kommentar. Pent «innramma» med lokale musikk-krefter. Tema som har vore oppe: Misjon, om folkekyrkja, om dugnadsånd, «fengslende design», Kirkens SOS, møte med lokalpolitikarar, m.fl. Oppmøte varierer frå rundt 20 til nær det doble på nokre samlingar.</p> <p>Søndagssamlingane</p> <p>held fram etter same mal. Særskilt inviterte er menneske med</p>

psykisk utviklingshemming. Det er 5 samlingar om våren og 4 om hausten. Ein trufast gjeng frivillige medarbeidarar stiller opp og gjer klart lokala og dekkjer til kaffibord med heimbakte kaker. Norvald Kobbeltvedt er impresario og syter for at det alltid er gode musikk-krefter på desse samlingane. Bibelforteljing, musikk, allsong, kaffi og kaker er faste programinnslag. Gudstenesta påskedags ettermiddag er òg blitt eit populært tiltak.

Koinonia

Livskraftig arbeid for og med dei som har høve til å samlast på føremiddagen. Det er mange frivillige, spanande program og stor oppslutnad.

Eit mangfald av tema er oppe kvart semester ; frå tema omkring tru og bibelkunnskap, til kultur og samfunnsspørsmål. Eit stort og trufast «cateringkorps» lager til god varm lunsj. Den sosiale ramma saman med dyktige forelesarar, gode musikk-innslag gjer dette tiltaket til ei kosteleg perle i vårt arbeid. Kvart vårsemester vert avslutta med ein 3-4 dagars tur.

Eldretreffet

Eldretreffa i Kløvertun har ei historie fleire 10-år bakover, og er eit samarbeid mellom Sanitetsforeininga og Os kyrkjelyd (tidlegare ved Os diakonat). Første tysdag kvar månad (unnatak sommarmånadene) er det samling. Ulike tema vert presentert saman med triveleg måltid og ulike underhaldningsinnslag. Sanitetskvinnene held hus og syter for god mat, medan Kaare og Anny Bakke har ansvar for program. Kvar juni skipar dei til ein dagstur.

Sorgarbeid

I tillegg til det diakonen nemner, vil eg nemna:

- Minnegudstenestene helgemesse-søndag er godt besøkte
- Eiga minnegudsteneste for dei som er knytt opp mot tenestene for psykisk utviklingshemma var godt motteken av dei som kom
- Sorgsamling. I og med at vi var i nytt prosti, ynskte vi å invitera til dei felles sorgsamlingane i prostiet, i staden for å ha vår eiga. Det var ingen frå Os som drog dit. Tilbakemeldingane er at det var for langt unna.

Misjonsarbeid

- Misjonsforeiningar, NMS-samarbeid. Samarbeidsavtale med NMS
- Misjonsutvalet 2015

Misjonsutvalet hadde som mål å ha noko misjonsstoff i alle nummer av kyrkjebladet, enten ved at dei sjølv produserte dette stoffet, eller ved å forvissa seg om at slikt stoff kom inn i bladet frå misjonsprosjekta våre.

I tillegg ville misjonsutvalet vera ei ressursgruppe som kunne ta del ved møte eller misjonstilstellingar der representantar frå kyrkjelyden burde vera til stades.

Av forskjellige grunnar (sjukdom, etc.) hadde misjonsutvalet mindre aktivitet i 2015 enn året før. Men målsetjinga om å sjå til at der vart misjonsstoff i alle nummer av kyrkjebladet vart fylgd opp.

- NMS-gjenbruk. Butikken går bra, og mange frivillige bruker tid på dette.
- Kyrkjelyden hadde besøk frå «Garden-of-Eden» i Kenya, med deltaking i gudsteneste og konsert i Nore Neset kyrkje.

Bibelgrupper og husfellesskap

Det finst bibelgrupper og husfellesskap. Men det er vanskeleg å få eit oversyn over desse gruppene, og om det finst opne grupper. Bibelgruppene i heimen til Vegard og Grethe Hodneland har vore opne og er gjort kjent i kyrkjebladet.

Open søndag i tunet

Dette er eit nytt tiltak som starta opp hausten 2015. Ei gruppe i kyrkjelyden har teke initiativ til kveldar med undervisning, lovsong og bøn. Soknerådet ynskte dette velkommen. Ein såg at dette kom i møte ynsket om meir undervisning i kyrkjelyden.

Saman i bøn

(Ventar tilbakemelding)

Prostisamarbeid

1. Organisering av prestenesta

Prestane er fordelt på 3 samarbeidsområde. Så langt råd, søker ein å løysa avvikling av feriar og fritid innanfor kvart tenesteområde ved at prestane gjer teneste for kvarandre. Os og Austevoll er eit område. For det meste har vi klart å dekkja opp, men til einiskilde tenester, særleg gudstenester, har det vore naudsynt å få inn ekstern vikar i begge sokna.

2. Fagleg samarbeid.

- a. Prestane i Fana samlast kvar veke til tekstgjennomgang. Prestane i Os har vore fritekne for dette på grunn av avstand.
- b. Det har vore nokre tverrfaglege samlingar der prestane har møteplikt og kateketar, kantorar og diakonar er inviterte med. I haust har desse samlingane gått ut fordi prestane er pålagde av biskopen å ta etterutdanning i «reformatorisk teologi»
- c. Studietur for prestane. Alle 25 prestane var i Barcelona på studietur veka etter pinse

3. Prostiforum er ein møteplass for kyrkjeveverjer, soknerådsleiarar og sokneprestane. Dei møtest om lag ein gong i året.

4. Det har vore invitert til felles sorgseminar i prostiet. Det kan sjå ut som om osingane ikkje har nytta seg av dette tilbodet. Avstanden vert for stor.

Prosten har vore på **prostevitjing** i stab og sokneråd. Han har hatt medarbeidarsamtale med prestane og samtale med kyrkjeveverja.

Alpha-kurs

12.
0

Mediearbeid

Kyrkjebladet kom med 8 nummer i 2015. Redaksjonen har hatt som mål å presentera ulike hendingar i kyrkjelyden; både ved førehandsomtale og i korte reportasjar i etterkant. Vi har ikkje gjennomført noko systematisk undersøking om korleis bladet vert

	<p>motteke og lese. På den andre sida er det mange ulike tilbakemeldingar der folk direkte eller indirekte syner til oppslag i kyrkjebladet. Trass i dei mange gode tilbakemeldingane, er det ein tankekross at så få er villige til å betala den frivillige kontingenten.</p> <p>Websida www.os.kyrkja.no er framleis kyrkjelyden si web-løysing. Frå hausten vart denne sida supplert med ei facebook-side, og ny WEB-løysing er under førebuing.</p> <p>Kyrkjelyden sender tidvis ulike pressemeldingar til lokalavis og lokale web-sider. Oftast vert desse pressemeldingane nytta til små reportasjar. Alle gudstenester vert fast annonsert i lokalavisa. Nokre einskildarrangement vert òg annonsert på www.midtsiden.no.</p> <p>Fleire arrangement, særleg knytt til trusopplæringstiltak, har fått god omtale i lokale medium.</p>
13. 0	<p><i>Frivillige medarbeidarar</i></p> <p>Os kyrkjelyd har mange flotte frivillige medarbeidarar. Deira innsats er heilt avgjerande for å kunna oppretthalda mangfaldet av aktivitetar og tilbod i kyrkjelyden, og ikkje minst for gjennomføringa av gudstenestene.</p> <p>I gjennomføring av gudstenestene har vi ei stor og stabil gruppe.</p> <p>2 kyrkjevertar møter gudstenestedeltakarane i døra med eit smil og deler ut salmebok og ark, 1 dåpsvert, 1 tekstlesar, 1 nattverdsmedhjelpar og er det ikkje dåp er der også ein kalkvaskar. I tillegg 1 som held barnesamling under gudstenestene, og 2 som lagar i stand kyrkjekaffi.</p> <p>Gruppa består av rundt 75 medhjelparar fordelt på 135 gudstenester i året. Vidare er det rundt 160 aktive frivillige som bidrar på ymse vis i trusopplæring og aktivitetar (søndagsskular, Ten Sing, barnekor, speidar, konfirmantarbeid, reinhald og dugnadsarbeid i Kyrkjetunet, Koinonia, ulike utval og styre, m.m.)</p> <p>Vi er takksame for den flotte innsatsen alle dei frivillige gjer.</p> <p>For å heidra og takka dei frivillige, inviterte vi i staben til show med humoristen Torolf Nordbø/'Han Innante' med påfølgjande festmåltid. Også i desember var det samling med suppe, småkaker og Bjørn</p>

	<p>Eidsvåg-konsertbillett til redusert pris til dei frivillige. Vi har fått fleire gode tilbakemeldingar på at desse tiltaka er motiverande og bidrar til å styrkja samhaldet i kyrkjelyden.</p>
<p>14. 0</p>	<p>Samarbeidande organisasjonar</p> <p>Os kommune</p> <p>Det er eit løpande samarbeid mellom Os sokn og Os kommune på fleire felt; ikkje minst knytt til ulike tiltak innan diakoni og omsorgsarbeid. Samarbeid omkring besøksteneste, TV-aksjon, sorgarbeid («kveldsope») og andre tiltak. Skule/kyrkje-samarbeid er nedfelt i eigen samarbeidsavtale, der skulane vitjar kyrkjene på 2 årstrinn (4. og 6. klasse). I tillegg vitjar vi alle klassene i 5. klasse og deler ut NT saman med ein læringsbolk omkring bruk av Bibel/NT. Dei fleste skulane deltek på skulegudstenester i adventtida eller til påske.</p> <p>Stiftinga Nøtteliten</p> <p>Nøtteliten barnehage vart etablert som stifting initiert av Os sokneråd og Søfteland indremisjon i 1999. Desse to initiativtakarane oppnemner kvar 2 styremedlemmer som leiar stiftinga i samarbeid med dagleg leiar. Barnehagen er den einaste barnehagen i Os med utvida kristen målsetting. Barnehagen har 5 avdelingar og nær 100 born. Frå Os sokneråd er Anne Sundfjord og Gerhard Hansen styremedlemmer. Barnehagen har 22 årsverk og ei omsetjing på om lag 14 mill.</p> <p>OSØYRO ÅPEN BARNEHAGE 2015</p> <p>«Barnehagen er åpen hver onsdag fra kl 09-15. Målgruppen er barn 0-6 år med foreldre / omsorgsperson. Det kommer barnefamilier fra store deler av Os kommune. Lokalene i Kyrkjetunet er godkjent for 29 barn. Silje Bolstad er pedagogisk leder og Jan Frode Sandvik er styrer.</p> <p>I 2015 var det et snitt på 30 barn om våren og 15 om høsten. Familieplanlegging mtp. barnehageopptak året etter er én faktor som bidrar til den store forskjellen på oppmøte. I tillegg til barna var det</p>

like mange voksne innom Kyrkjetunet, og totalt gjestet 1790 barn og voksne i den åpne barnehagen.

Fram til sommeren 2015 var det også Babysang på Kyrkjetunet onsdager, og vi savner denne synergien, spesielt med tanke på tiden etter Babysang-alder, hvor Åpen barnehage er et viktig alternativ. Styrer og de ansatte med ansvar for barn i menigheten etablerte møtepunkt for å være bedre orientert om hverandres tiltak slik at informasjon når de den skal, i størst mulig grad. Pedagog og styrer deltar også på fagdager i regi av Os kommune, samt nettverk for de åpne barnehagene i Hordaland.

Med vennlig hilsen

Jan Frode Sandvik

Styrer

Tlf: 5559 3271 / 9188 4542»